

Referat frå elevrådsmøte torsdag 13-03-14

Desse møtte : Kevin, Ståle, Nickolai, Ingrid , Sebastian og kontaktlærer.

Sak 36 / 13-14 : Godkjenning av referat frå møte 06-02-14

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 37 / 13-14 : Skulebesøk frå kommunen 27. mars – Førebuing

Det er ønskjeleg at 3 representantar frå elevrådet er med på delar av møtet. Nokre frå FAU vert også med.

Elevrådet tok utgangspunkt i resultatet frå Elevundersøkelsen som 5.-7.kl. deltok i hausten 2013, og snakka om tre viktige område: trivsel, læring og mål. Me snakka også om elevrådsarbeidet. Desse fire punkta vert tatt opp på "kommunemøtet"

Sak 38 / 13-14 : Ønskje frå ein elev om nye leikar til skulen

Ein elev ønskjer t d: To spadar, ein sykkel, fotballar, hoppetau. Elevrådet skriv eit svar til eleven. Kevin skriv dette på data.

Sak 39 / 13-14 : Programleiarar til morgonsamling 28.3 (Program v/ 5.og6.kl)

Ingrid og Sebastian finn fram til nokon som kan gjera oppgåva.

Sak 40 / 13-14 : Ønskje om ny tavle i klasserom 1

På delar av tavla har det grønne belegget begynt å flassa av.

Det er ønskjeleg at denne delen vert skifta ut eller vert oppussa

Sak 41 / 13-14 : " Hopp for hjertet "

Konkurransen for 4.-7. trinn i vekene 19 og 20. Maxtid 1 t pr dag

Elevrådet ønskjer at skulen vert påmeld (Frist 24.3)